

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 9. mai 2022 kl. 13.00-15.00

Stad: Rom 400 på HF-bygget

Til stades: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Peter Svare Valeur (allmenn litteraturvitskap) Daniel Jung (digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitskap), Helga Mannsåker (nordisk språk), Ulla Kallenbach (teatervitskap), Matti Wiik (klassisk), Ilka Wunderlich (norskkursa), Ragnhild Lie Anderson (lektorutdanninga), Ingrid Halland (kunsthistorie) Signe Nilssen (sekretær), Tonje Waldersnes og Sissel-Karin Leknes Torsvik (studentrepresentantar)

Ikkje møtt: Frode Helmich Pedersen, Vegard Fotland

Observatørar: Helga Ramstad Vatsaas, Linnea Reitan Jensen og Angelina Penner frå administrasjonen

Saksliste

UUI-sak 5/22: Godkjenning av innkalling og saksliste.....	1
UUI-sak 6/22: Orienteringssaker	1
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte.....	1
Orienteringssak 2: Om personvernomsyn og RETTE	1
Orienteringssak 3: Status for fagmiljø og studentar	2
Orienteringssak 4: Søkjartal 2022	3
Orienteringssak 5: Studiekvalitetskomiteen ved HF	4
UUI-sak: 7/22 Drøftingssaker	4
Drøftingssak 1: Gjennomføringstal på LLE	4
Drøftingssak 2: LLE2022	4
Drøftingssak 3: Rutine for innlevering av masteroppgåver	5
UUI-sak 8/22: Ymist.....	5

UUI-sak 5/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

UUI-sak 6/22: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Referat frå førre møte

Vedlagt. Godkjent på sirkulasjon etter førre møte.

Orienteringssak 2: Om personvernomsyn og RETTE

Personvernombodet ved UiB, Janecke Veim, fortalde om personvernomsyn i masteroppgåver og RETTE. Ho viste fram nettsidene til personvernportalen (<https://www.uib.no/personvern>). UiB manglar malar for rettleiingsskriv, og der brukar vi framleis NSD. Det er vår plikt å lære opp studenten i forskningsetikk.

Orienteringssak 3: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene fekk tre minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

Sissel Karin: På dei emna eg tar, har vi ganske fri undervisning. Litt fråfall i oppmøte til forelesingane. Studentane er glade for å kunne vere på campus.

Tonje: Vi har endeleg fått sjå ansikta til kvarandre. Eg skriv oppgåve no, men har meldt meg til emne berre for å sjå andre. Vi har jobba hardt for å få eit møtepunkt for studentane, og vi er godt i gang med fagutvalsarbeid.

Ingrid: Vi skal tilsetje ein vikar, det er det det går i no. Litt uventa sjukmeldingar. Vi har diskutert moglege tiltak for å betre gjennomføringa. Vi utviklar eit førstesemesteremne i samarbeid med digital kultur og teatervitskap.

Peter: Vi har fått ny tilsett på allmenn litteratur. Vi kjem ikkje til å halde fram med hybrid undervisning, for studentane møter ikkje i lokalet.

Matti: Eg underviser etter måten mykje. Studentar som har bestemt seg noko spontant. No har vi eit kurs i latinsk stil. Der prøver vi å tilpasse oss litt etter dei ulike typene studentar.

Helga: Litt utfordringar med studentar som ikkje møter til undervisning. Vi ventar på svar på ei fast stilling som skal opp i fakultetsstyret i morgon. Så vi får ikkje planlagt neste semester heilt ferdig. Mykje sensur på 100-nivå.

Ilka: Vi er nesten ferdig med undervisning. Vi tilbyr ikkje strøyming. Litt fråfall. Vi har hatt evaluering på det første emnet. Vi har god rutine på å evaluere kvart semester. Vi planlegg eit kurs for ukrainske studentar.

Ulla: Vi har hatt eit spesielt semester med berre to til å undervise, men vi har hatt litt gjesteforelesingar, og studentane verkar nøgde. Vi har eit samarbeid med arkivet. Vi ventar på avklaring mtp bemanning og td. stipendiat.



Daniel: Jason er framleis i Australia og driv nettundervisning. Rolf går snart av med pensjon. Ventar på bemanningsplan. Jill og Scott er på forskningstermin i USA. Scott skal på intervju for SFF-en i Oslo. Vi har veldig mange studentar og har to professor 2-stillingar som hjelper med rettleiing. BA-oppgåva bør vere det siste dei gjer i studieløpet. Ikkje alle er heilt klare for å skrive i 4. semester. Vi vil snakke med fakultetet om gjennomføring og fråfall. Vi har kutta i undervisninga, og har no 10 veker undervisning, og det synest vi er for lite. Har gjort om på DIKULT105, og no er det greidd/ikkje greidd. Ikkje eksamen lenger. Vi manglar kontaktflater med studentane, det ønsker vi oss. Vi arbeider med felles innføringsemne med teatervitskap og kunsthistorie.

Ragnhild: Vi har ein vikar fram til neste sommar. Vi har ikkje hatt digitale kurs i vår. Unntatt på EVU-emna. Der har vi tilbydd hybrid undervisning sidan studentane kjem frå heile landet. Mange studentar på master, få på PPU. Mange handfuller på lektorprogrammet.

Sissel og Tonje: Kan videoundervisning vere del av eit tilretteleggingsbehov? På norrønt er det så få studentar at det får preg av seminarundervisning. Det hadde vore fint å belønne dei som ikkje møter sjuke på campus. Kanskje berre setje opp ein pc med zoom i grupperommet?

Orienteringssak 4: Søkjartal 2022

Signe presenterte søkjartal for 2022. Det er stor nedgang for HF-faga, og det skapar uro for framtida. Dette vil bli diskutert meir på instituttseminaret til LLE.



Orienteringssak 5: Studiekvalitetskomiteen ved HF

Det humanistiske fakultet har ein studiekvalitetskomité som handsamar mellom anna dei femårige programevalueringane. Komiteen er leia av Heming, som orienterte.

UUI-sak: 7/22 Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Gjennomføringstal på LLE

Nokre fag har god tilgang på studentar, andre fag har mindre tilgang på studentar. Når det gjeld rekruttering, har vi avgrensa moglegheiter til å påverke dette direkte, men det er sjølvstøtt relevant å vite i kva grad dagens studentar søker seg til faga våre. Tala for gjennomføring viser i kva grad vi greier å halde på motivasjon og interesse hos studentane. Dette kan vi påverke i møtet med studentane både i undervisning, rettleiing, utvikling av studietilbodet, etc. Gjennomføring er viktig for å utvikle kompetanse, men ein skal heller ikkje legge skjul på at det er viktig for økonomien.

Heming har sendt ut følgjande spørsmål til fagmiljøa:

1. Kva tendensar ligg det i tala?
2. Korleis kan fagmiljøet bidra til å styrke positive og motverke negative tendensar?
3. Kva har tala å seie for fagmiljøets interne fagstrategi?

Dette er noko fagmiljøa bør diskutere. Programstyret vil til dømes vere eit relevant forum for slike diskusjonar. Heming kjem til å ta kontakt med fagkoordinatorane enkeltvis berre for å snakke litt om overordna tendensar. Heming innleia.

Daniel: Det er ikkje alltid desse opptakstala og søkartala er heilt rette målepunkt. Det er ikkje alltid vi MÅ halde på alle som er tatt opp. Vi må òg sjå på dei som ER tatt opp.

Heming: Det er samanheng mellom karakterar på vgs og gjennomføring på høgare nivå. HF er dårlegast på gjennomføring, og her kan vi bli betre. Vi skal vere glade for dei studentane vi har, og dei skal vi utvikle kompetanse hos. Alle ønsker seg nok dei beste studentane, men det vil ikkje alle få.

Ingrid: Fekk alle dei same tala? På kunsthistorie fekk vi akkumulerte tal for kvalifikasjonar. Handlar det berre om normert tid?

Heming: Nei og ja. Det handlar om kvalifikasjonar generelt. Men dette vil vi ta med kvart fagmiljø.

Ulla: Vi håpar det går an å oppmode til fleire fellesemne på masternivå for å lette undervisningsbyrda. Det vil òg hjelpe studentane å føle eit større fellesskap.

Drøftingssak 2: LLE2022

Målsetjinga med LLE2022 er at vi skal ha samsvar mellom undervisningsressursar og undervisningstilbod. Korleis ligg vi an i høve denne målsetjinga? Heming innleia.

Peter: Vi synest vi er litt få hos oss. Kanskje særleg når folk skal ha forskingsterminar. Vi håpar på å få stipendiatar, og det er fint med kollokvieleiarar.

Sissel: Kunsthistorie har eigne kollokvium der studentane sjølve har tatt initiativ. Dette har fungert godt, og her kan godt instituttet kontakte fagutvala for å få til opplegg.

Drøftingssak 3: Rutine for innlevering av masteroppgåver

Vi har hatt nokre tilfelle der det har blitt innlevert masteravhandlingar utan at rettleiar har vore informert om innleveringa. Vi har også hatt tilfelle der det har vore mindre rettleiing enn ønskeleg. Det er eit krav at masteravhandlingar skal vere rettleidde. Rettar og plikter for student og rettleiar går fram av rettleiingskontrakten.

Vi ønsker å trygge at det har vore kontakt mellom rettleiar og student før innlevering av masteravhandlinga. Vi vil derfor innføre denne rutinen:

Når ein student melder seg opp til vurdering, tar studiekonsulenten kontakt med gjeldande rettleiar på e-post med følgande spørsmål: *Kan du som rettleiar for student NN stadfeste at du er kjent med og innforstått med at avhandlinga blir levert for vurdering inneverande semester.*

Heming innleia.

Det var litt uro om dette skulle føre til «trynefaktor» frå rettleiars side om denne skulle kunne hindre studentar i å levere, men her er intensjonen berre å sikre at rettleiar er klar over at kandidaten har meldt seg opp. Det er først og sist studenten som står til ansvar for avhandlinga. Det står i rettleiingskontrakten at studenten ikkje kan «gjøre veileder(e), institutt eller universitetet ansvarlig for resultatet av utdanningen».

UUI-sak 8/22: Ymist

Ingen saker melde.